

Rådmannsutvalget

Referat

Møtetidspunkt:	Fredag 26.januar 2018 kl. 10.00 – 12.15
Møtestad:	Skjåk kommune
Desse møtte:	Øyvind Engen, Halvor Nissen, Kaija Eide Drønen (via Skype), Knut-Helge Rønning, Ola Helstad og Svein Holen. Forfall: Frode Damstuen.

Sak nr.	Tema/sak
01/2018	Godkjenning av innkalling/saksliste, samt referat fra 15.12.2017 Vedtak: Innkalling, sakliste og referat frå førre møte vart godkjent.
02/2018	Aktuelle høyringar; <ul style="list-style-type: none">• Vannforvaltning• Ny distriktsindeks• Specialisthelsetilbodet• Leveringspliktige posttenester Vedtak: <ul style="list-style-type: none">• Vannforvaltning: Uttale utarbeidd av Sel kommune er sendt• Ny distriktsindeks: Det er utarbeidd forslag frå Dovre kommune. Rådmannsutvalget i KS Oppland er kritiske til prosess og forslag, jf. e-post frå Ola Helstad dagsett 26.01.2018. Saka blir behandla i fylkesstyret i KS Hedmark og Oppland 31.01.2018. RU ber Regionsjefen om å innarbeide uttala frå Rådmannsutvalget i KS i uttala som går frå regionen. Kvar kommune kan naturlegvis sende eiga uttale, og helst med vurderingar som peikar på konsekvensar for den aktuelle kommunen.• Specialisthelsetilbodet: RU sluttar seg til forslag til felles saksframlegg utarbeidd av 6K Helse.• Leveringspliktige posttenester: RU vil ikkje utarbeide høyringsframlegg før det eventuelt kjem ei politisk bestilling. RU opplever at dei endringane som blir føreslegne er i tråd med den generelle samfunnsutviklinga som går i retning av stadig meir bruk av elektronisk post og andre digitale løysingar.
03/2018	Orienteringar/referatsaker/drøftingar/diverse GDPR, status 6k prosjekt v/Anne-Lene Engum Kartlegging har høgast prioritet nå, og ansvaret ligg på tenesteleiarar. Anne-Lene kjem til å reise rundt i kommunane og orientere, og det blir sett fristar (stutte) for framdrift i arbeidet.

Personvernombodet (PVO) er Datatilsynet sin kontaktperson, og skal sjå til at internkontroll blir følgd opp. Vidare skal PVO vera kontaktpunkt for spørsmål frå publikum. PVO må vera knytt til og kjenne organisasjonen godt. Stillinga bør bli kontraktfesta med stillingsinstruks. Regionalt PVO kan vera ei løysing på sikt. PVO må meldast inn til Datatilsynet, skjema ligg ut på tilsynet sine nettsider. På Kommuneforlaget sine nettsider ligg «Sjekkliste personvern». Dette er eit nyttig verktøy for tenesteleiarar for m.a. ulik sjekk opp mot lovverket. Kostnad ca. kr 15 000.

Anbefaling: Kommunen bør «setja inn ein støyt» i starten og frigjera ein stillingsprosent (t.d. 20% på årsbasis, men meir i starten). Legg gjerne ansvaret for PVO til ein tilsett med leiarfunksjon, men ikkje på toppen av ei heil stilling. Det blir elles vist til e-post frå Anne-Lene Engum dagsett 26.01.2018.

Innkjøpskontor – status v/Knut-Helge Rønning

E-handel – status v/Halvor Nissen

Vågå kommune har som vertskommune lyst ut stillingar. Det meldte seg fem søkjarar. Ein av søkjarane, som blir vurdert til å vera svært godt kvalifisert på innkjøp, har fått tilbod. Spørsmålet er kva vi gjer med fagområdet e-handel. Knut Helge og Halvor drøftar dette og førebur sak til neste RU-møte, der det ligg ei vurdering på behov og ramme for ei eventuell avtale i forlenging av avtala om frikjøp av medarbeidar i Dovre kommune i 2017.

Frå Sel blir det peikt på at det hastar å koma vidare med e-handel som ein del av det nyleg etablerte innkjøpssamarbeidet. Når det gjeld evt. vidareføring av om det er aktuelt å forlenga avtale om frikjøp av medarbeidar i Dovre kommune knytt til e-handel, vil Sel kommune sende over et notat til leiar i RU med våre erfaringar sett opp med behovet for å koma raskt vidare med e-handel.

Samordna eigarskapsmelding for samarbeidstiltak i regionen? v/Ola Helstad

Kan eigarskapsmelding for interkommunale samarbeid bli utarbeidd samordna i løpet av første halvår, og dermed gje den enkelte administrasjon og kommunestyre lik grunnlagsinformasjon for forslag og prioriteringar? RU ser på innspelet som svært interessant, men treng meir tid til drøfting rundt omfang, form og innhald. Saka blir sett opp på neste RU-møte.

Frå Sel vart det vist til at det først og fremst må takast ein gjennomgang av om dagens etablerte system for rapportering må justerast /spissast for å sikre god nok oversikt og kunnskap om økonomi, tenester og utvikling for dei i samarbeidande kommunane. Det vil uansett vera dei juridiske vertskommuneavtalene eller samarbeidsavtalene med heimel i KL paragraf 27 som styrer handlingsrommet og dei formelle spelereglane med omsyn til dialog og prosess.

Det må vidare avklaras for vidare drøfting om innspillet er ment å gjelde alle samarbeid i regionen eller bare 6K samarbeid, og hva som menes med eierskapsmelding i denne sammenheng

Generalforsamling KLP

Halvor stille i generalforsamlinga og representere fleire kommunar. Fullmakt kan sendast direkte til KLP.

(Her måtte Kaija Eide Drønen gå frå møtet)

Studietur til København 24. – 26. april 2018 i regi av KS Hedmark og Oppland

Det blir vist til e-post frå Astrid Tomter dagsett 24.01.2018.

RU meiner at studieturen kan gje stort utbyte dersom alle ordførarar og rådmenn blir med. Regionsjefen blir beden om å lodde interessa blant ordførarane. Kan det vera aktuelt å legge felles ordførar- og rådmannsmøte inn i studieturen ved forlenge med ein dag (fredag)?

Orientering om status og rekneskap NGLMS v/Svein Holen

Dei siste månadene har det vore skifte av fleire tilsette i leiar- og nøkkelfunksjonar ved NGLMS. Det er ønskjeleg at RU saman med 6K Helse kan få ei samla orientering om dette. Samtidig er det behov for å få ein gjennomgang av årsrekneskapen knytt til det regionale helsesamarbeidet med fleire detaljar enn det som går fram av oversikta som 6K Helse fekk oversendt 25.01.2016. Halvor tek kontakt med Kaija og avtalar eit fellesmøte for ei slik orientering, gjerne ved at 6K Helse blir invitert inn i neste RU 23.02.2018.

Referent: Svein Holen